



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1962 - 19/26476

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

04.09.2019

## Løyve til etablering av parkeringsplass - gbnr 113/18 Sjurset

**Administrativt vedtak. Saknr: 492/19**

**Tiltakshavar:** Irene Eline Valøen Sørli og Willy Garmann Sørli

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av parkeringsplass og avkøyrsløse til eigedom med gbnr 113/18. Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrsløse, interne vegar og parkering.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.07.19 og supplert 09.08.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.07.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som LNF-føremål.

### Dispensasjon

Det er gitt dispensasjon for tiltaket i sak 17/1179 og PM-vedtak 068/18.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr 113/19 ved brev av 13.02.19:

- Merknad om tilkomst til gbnr 113/19.
- Meiner tiltaket må godkjennast med vegtrasè alternativ 1.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr 113/22 ved brev av 09.02.19:

- Gjer merksam på at etablert tilkomst er ulovleg.
- Støtter tilkomst med alternativ 1.
- Merknad om vegrett til bnr. 19 over bnr. 18.

Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr 113/7 ved brev av 12.02.19:

- Varslar om gjentakande ulovlege tiltak på gbnr 113/18.
- Meiner skissert tilkomst i søknad ikkje samsvarer med alternativ 1 som er godkjent ved jordskiftedom.
- Støtter alternativ 2 som tilkomst til gbnr 113/18 samt at 113/18 har vedlikeholdsplikt av tilkomstveg.

Tiltakshavar har kommentert nabomerknader ved brev datert 26.02.19, der det vert opplyst at:

- Tiltakshavar erkjenner å ha etablert tilkomst med alternativ 2 før alternativ 1 var omsøkt/avklart.
- Tiltakshavar avviser at bnr. 19 har rett til å etablere veg over bnr. 18, men anerkjenner rett til gangsti.
- Søknad er sendt inn i samsvar med kommunens vedtak om at alternativ 1 er beste løysing.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.08.19

### **Vatn og avløp (VA)**

Ikkje relevant for tiltaket

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Avkjørsle til offentleg veg er godkjent av vegstyresmakta i vedtak datert 09.08.19

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser tilkomst, parkering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Kommunen legg til grunn at dette alternativet er i samsvar med jordskiftedom.

Utsnitt frå jordskiftedom datert 30.11.2010:

3. Gbnr 113/18 og 113/19 har vegrett på sjøvegen frå kommunal veg og dei første 5-10 metrane, til det punktet der det er naturleg å svinge sørvestover mot bnr 18 si austgrense. Vidare har dei to bruka vegrett over bnr 7 frå sjøvegen og sørvestover til bnr 18 si austgrense (i om lag 10 meters lengde)

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### Privatrettslege tilhøve

Kommunen legg til grunn at tiltaket vert etablert i samsvar med jordskiftedom datert 30.11.2010. Vi gjer merksam på at dette vedtaket ikkje inneber noko avklaring av dei privatrettslege tilhøva i saka.

### Nabomerknad

Det går fram av merknader frå naboar at ein ikkje er samd i kva som er beste alternativ for tilkomst til eigedommen. Kommunen legg jordskiftedom og PM-vedtak 068/18 i sak 17/1179 til grunn i vurdering av saka.

Når det gjeld tilkomst til gbnr 113/19 over gbnr 113/18 er dette ikkje relevant for denne saka. Kommunen har ikkje teke stilling til dette spørsmålet i vurdering av søknaden.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 bokstav e vert det gjeve løyve til tiltak etablering av avkøyrsløse, tilkomst og parkering på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 08.08.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med jordskiftedom datert 30.11.2010.
3. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 09.08.2019.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløse.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1962

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

John Helge Walderhaug	Spjotøyvegen 345	5955	LINDÅS
Kjellaug Samuelsen	Solhaugvegen 12	5355	KNARREVIK
Møyfrid Annlaug Låstad Johnsen	Frieda Fasmers vei 13 A	5171	LODDEFJORD
Tommy Walle Sjurseth	Fløksand 3	5918	FREKHAUG

### **Mottakarar:**

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Irene Eline Valøen Sørli og Willy Garmann Sørli	Grønnlivegen 14	5300	KLEPPESTØ